



VALDRES JORDSKIFTERETT

Postadresse: Postboks 180, 2901 Fagernes

Besøksadresse: Nord-Aurdal rådhus, Fagernes

Tlf. 61356560 - Faks 61356561 E-post: valdres.jordskifterett@jsv.no - Bankgiro 61820530518 - Org.nr.974726882

Landbruksdepartementet
Seksjon for jordskifte
V/ Tor Ivar Majercsik

Dykkar ref.:

Vår ref.: (gje opp ved svar)
742/2003

Dato:

13.11.2003

EVALUERING AV JIFT OG RTR

Vi ser ut frå rapporten at det er ulik oppfatning av korleis organiseringa av JIFT har fungert i prøveperioden. Våre merknader til rapporten bygger i hovudsak på dei erfaringane vi har med dagens ordning og på dei behov for støtteapparat vi meiner vi også i åra framover vil ha. Vi har også erfaring med at det tek tid før tilsette på alle kontor er på det faglege og tekniske kunnskapsnivå som gruppa set som forutsetning for framtidig organisering.

Til dei enkelte støtteordningane har vi fylgjande merknader:

Landskonsulentar

Ordninga med landskonsulentar synes vi fungerer godt for vår del. Vi får informasjon som blir lagt ut på intranettsidene, og programvare som blir lagt ut på ftp-server kan enkelt lastast ned.

RTR-ordninga.

Vårt kontor har behov for støttetenester innanfor fleire fagfelt, og vi trur at vi også i framtida vil ha behov for det.

Den ordninga som har vore 2 år nå, har for vår del fungert bra. Vi har aktivt gått inn for å knytte kontakt med RTR, etter at Fylkesjordskiftekontoret vart nedlagt. Vi synes faktisk det har fungert betre enn tidlegare ordning med Senioringeniør på Fylkesjordskiftekontoret.

Gruppa legg vekt på at den enkelte jordskifterett skal ha ein viss basiskunnskap.

I den samanheng har vi hatt tru på at dagens ordning med RTR kunne auke våre basiskunnskapar. Vi ser fordelene med å ha nokre personar i nær geografisk tilknytning som kan bistå i tekniske problem på kort varsel. Slik bistand har til nå vore ein kombinasjon av kurs/bistand. RTR har også sitt nettverk av "spesialistar", som vi har fått nytte av .

Vi trur ikkje det er heldig å redusere antal RTR-ar og dermed utvide deira geografiske virkeområde. At dei då ikkje vil få full stilling som RTR, men i tillegg vil drive vanlig jordskiftearbeid, trur vi har fleire fordelar enn ulemper; bl.a. sikrar ein viktig "bakkekontakt" med våre eigentlege fag.

RTR eller Landskonsulent.

Vi er ikkje sikre på om vi ser den store forskjellen på forslag 1 og 2 som gruppa har kome til, men vi ser det som ein stor fordel at framtidige RTR/ Landskonsulentar er plassert ved ein jordskifterett. Vi meiner at vi som brukarar er sikra nærare kontakt med RTR/Landskonsulentar som har kontorstad ved ein jordskifterett enn ved ein nytt hovudkontor. Vi ser også at det kan vera enklare for vedkomande å halde seg fagleg oppdatert i jordskiftefaget til einkvar tid. Det bør vera ein forutsetning at ein satsar på å rekruttere interne folk til desse stillingane.

GIS-avdelinga på Hamar.

Vi stiller oss litt undrande til det som gruppa skriv om GIS-avdelinga på Hamar, og at det er funne grunnlag for å koma med den konklusjon at avdelinga skal leggest ned. I spørjeundersøkinga er GIS-eininga berørt av nokre spørsmål, men vi kan ikkje sjå at gruppa har vurdert behovet eller vurdert den jobben denne avdelinga har utført. Gruppa har heller ikkje kome med noko alternativ til GIS-avdelinga på Hamar.

Vi tilhøyrrer det geografiske området som naturleg har nytta tenester frå denne eininga etter omorganiseringa for 2 år sidan. Vårt behov for å nytte tenester fra denne avdelinga er også eit resultat av intern spesialisering av teknisk personell.

Vi har også sett på GIS-avdelinga som viktig for å auke vår eigen kompetanse i GIS, og hadde håpa at vi kunne fortsette med det.

På vegne av dei tilsette ved Valdreskontoret

Solveig Gule